

Sørlandet, er ei urgammal jaktform, frå den tida jakt var nødvendig som matauk, frå ei tid utan skytevåpen. Kan hende var dei første norske kongerika eigentleg utvida jaktag? Styreforma og oppbygginga er nokså mykje den same. Kongen, jaktleiaren, var øvste blant likemenn, men bare så lenge han blei godtatt av folket. Når dei felles driftsutgiftene var dekka, blei resten delt likt mellom medlemmene. I jaktaget er jagaren og skyttaren i prinsippet likeverdige. Likevel, særleg for dei yngre, har nok skyttaren størst status. Straffa for feilskyting er å bli jagar ein dag, eller kanskje eit par år dersom feilen er alvorleg. For å få lov til å skyte må du ha vore med på jaginga tidlegare år. Å avansera til skyttar er altså å gå over i ein høgare tilstand.

For det rurale mennesket er jakta ein del av livsyklusen, nedervd gjennom generasjonar og halde i hevd av miljøet. I noen tusen år har mennesket gripe inn i og skipla skaparverket slik at det på ingen måte er så naturleg som vi trur. I praksis er det utopi å snakke om "urørt natur". Mennesket er med på å lage ugreie, og må difor også ta på seg ansvaret for å lage ballanse i systemet. Det mange kallar natur, er i praksis nokså unaturleg. Dessutan regulerer naturen bestandane meir hardhendt enn den därlegaste jegeren. Metodane er nådelause. Pest eller annan sjukdom er vanlege middel for å regulera populasjonar. Utsvelting eller oppförmerring av naturlege fiendar blir også brukt. Kanskje er vi ikkje så verst humane likevel.

Hoi!!! Få kontakt med sidemennene, hugs å gå sakte nok og hald retninga og kontakten med sidemannen. Jaget er i gang att. Langt og slitsamt. Oppå fjelltoppar, gjennom ulendt krattskog og over uendelege myrer.

Det er alt seit på ettermiddagen. Vi rekk ikkje eit jag



*Elgen er skoten, nå må skyttaren til med utvomminga.  
Jagarane kan i mellomtida nyte matpausen.  
(Frå venstre) Ed Steijn, Kim Rune Stuestøl Olsen og  
Frank Gitlestad. I midten Ingolv Vegge.  
Elgen nede til venstre.*

til. Må vere sikre på at det ikkje blir for mørkt til å leite etter eventuelle skadeskotne dyr. Dessutan er jagarane nokså slitne.

Til vinteren blir det ein del elgmiddagar, og kanskje også hjort, for dei som er heldige. Rundt bordet blir det kan hende ymta frampå av ein eller annan urban gjest om kor greitt det er å bu på landet. Potetene veks gratis i åkeren og kjøttet ruslar rundt i skogen. Det er bare å henta inn når ein treng det.

Lurer på om eg orkar å bli med neste jaktdag.